



Arkivnr: 2017/2448-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017
Fylkestinget		13.06.2017

#### Markering av kristenretten 1000 år - Moster 2024

##### Samandrag

Den første av i alt fire kristenrettar i landet på 1020-talet fann stad på Moster i Hordaland i 1024, der dei grunnleggjande, nye lovene (rettane) vart presentert på Mostratinget av vikingkongen Olav Haraldsson og Bispen Grimkjell. Med denne Kristenretten vart det offentlege rommet kristna, kyrkja vart lovfesta som den sentrale samfunnssinstitusjonen, det vart gjeve like lover for heile landet og eit samfunnsbyggjande, regulert skattesystem vart innført.

Kristenretten på Moster i 1024 la grunnlaget for rettsstaten, der det einskilde mennesket er ansvarleg for sine gjerningar. Kristenretten innlemma Noreg i eit meir moderne, katolsk Europa på 1000-talet, der nye tankar og idear bana veg for demokrati og rettsutvikling.

Dei siste åra har det vore jobba med planar om eit riksjubileum i 2024, med ei sentral markering på Moster. I dette arbeidet har det vore sentralt å klargjere om det er fagleg og historisk grunnlag for eit nasjonalt jubileum. Faguttaler på dette ligg ved denne saka stadfester at det er grunnlag for dette.

Bømlo kommune vil – i alle fall i starten og i forprosjektfasen – stå som koordinator for jubileumsfeiringa. Det har vore administrativt møte mellom Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og Bømlo kommune. Ut frå dette møtet vil ein no legge fram politiske saker, i høvesvis kommunestyre og fylkesting. Kommunestyret i Bømlo vedtok saka 13.0217 i PS 14/2017.

Det er semje om å no opprette ei forprosjektgruppe for å sjå på moglege og hensiktsmessige modellar for finansiering og organisering. Dette skal vere eit jubileum med ålmenn samfunnsmessig relevans, og det er viktig å sikre ei brei forankring allereie i denne fasen med innspel og deltaking frå sentrale fagpersonar og miljø innan samfunnsforsking, kunstliv, juridisk forsking i tillegg til historisk kompetanse i Noreg.

Fylkesrådmannen ser dette som eit viktig historisk jubileum med stor relevans for samfunnet i dag, og vil rá til at Hordaland fylkeskommune deltek i planlegging og støtter opp under arbeidet med jubileet. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til den økonomiske sida av saka i budsjettsamanheng.

## Forslag til innstilling/vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vil støtte opp under arbeidet for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på Moster.
2. Det skal etablerast eit forprosjekt som i perioden fram til sommar 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringshøve, partnarskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærmere mandat for forprosjektet vert utarbeidd i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
3. Bømlo kommune skal koordinere arbeidet med jubileet fram til ei evt anna organisering vert avgjort. Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal vere to av medlemmene i forprosjektgruppa.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til framtidig finansiering av prosjektet i budsjettsamanheng.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg til saka: Profesjonsuttaler (prenta vedlegg)

## Fylkesrådmannen, 08.03.2017

### **Historisk bakgrunn for saka**

Kristenretten på Moster i 1024 la grunnlaget for rettsstaten, der det einskilde mennesket er ansvarleg for sine gjerninger. Dette i motsetnad til den norrøne tradisjonen der gruppa eller familien stod ansvarleg for individet sine gjerninger. Kristenretten innlemma Noreg i eit meir moderne, katolsk Europa på 1000-talet, der nye tankar og idear bana veg for demokrati og rettsutvikling.

Dersom ein fokuserer på ein skildmenneske, slekter og bygder kan ein seie at Kristendomen kom til Noreg allereie frå 800-talet. Med Kristenretten i 1024 vart nye, kristne verdiar ramma rundt folk sin kvardag og ein kan seie at det offentlege rom vart kristna. Dette skjedde sjølvsagt gradvis og i stadig meir organiserte former, men Mostratinget var utan tvil startskotet for ei utvikling der Noreg no fekk sitt norm- og verdigrunnslag frå ein religion som også hadde befesta sin posisjon i det meste av Europa.

Den første av i alt fire kristenrettar i landet på 1020-talet fann stad på Moster i Hordaland i 1024, der dei grunnleggjande, nye lovene (rettane) vart presentert på Mostratinget av vikingkongen Olav Haraldsson og Bispe Grimkjell. Med denne Kristenretten vart det offentlege rommet kristna, kyrkja vart lovfesta som den sentrale samfunnssinstitusjonen, det vart gjeve like lover for heile landet og eit samfunnsbyggjande, regulert skattesystem vart innført.

Innføringa av kristenretten førte til fleire konkrete samfunnsendringar og nye levereglar, konkret t.d.:

- Forbod mot arbeid på søndagar
- Forbod mot utsetjing av spedbarn
- Born skulle døypast
- Fleirkoneri vart forbode
- Ein træl (slave) skulle gjevast fri kvart år i tinglaget
- Ein skulle gravleggjast på kyrkjegardar og ikkje i haug
- Kyrkjer skulle vedlikehaldast årleg
- Møterett på det årlege tinget for talfesta representantar frå kvart område

900-års jubileet for Kristenretten vart feira 29. juli 1924 på Moster i nærvær av kong Haakon VII og fleire tusen deltakarar.

I eit møte 05.05.15 med Moster Amfi og eigarane Hordaland fylkeskommune (HFK) og Bømlo kommune (BK) vart det konkludert at det er eit godt, fagleg grunnlag for eit riksjubileum knytt til Kristenretten. I samband med dette vart det innhenta profesjonsuttalar frå følgjande fagpersonar (sjå vedlegg):

1. Direktør Steinar Bjerkestrand – «Kongen som bærer av nasjonens verdier. 1014-1024, sentrale år i den unge Olav Haraldssons liv»
2. Professor Vidar L. Haanes – «Hva var det nye i 1024?»
3. Professor Oddvar Johan Jensen – «Daa Noreg var misjonsmark»
4. Professor Thorstein Jørgensen – «Moster og Mostratinget 1024 – 2024»
5. Førsteamanuensis Torgeir Landro – «Kva var det nye i 1024?»
6. Professor Ola Mestad – «Kristenretten – kva var det nye på Moster i 1024?»
7. Professor Gro S. Steinsland – «Moster 1024 – Starten på en ny tid»
8. Professor Jørn Øyrehaugen Sunde – «Frå makt til rett – Kristenretten på Moster frå 1024»

### **Aktualitet i dag**

900-års jubileet for Kristenretten vart også feira på Moster. I 1924 var det Bispemøtet som stod for feiringa. I følgje professor Oddvar Johan Jensen var det misjonsarbeidet som stod i sentrum for jubileet, sterkt influert av den legitimitet og utbreiing misjonsprosjekta hadde både nasjonalt og internasjonalt.

Eit jubileum i 2024 må strekke seg ut over det reint historiske og kyrkjelege. Eit riksjubileum om Kristenretten må derfor relaterast til samtid og framtid på ulike nivå, med ei tilnærming som gjer det ålment samfunnsmessig relevant og interessant for menneske med ulike livssyn.

Aktuelle tilnærmingar/tema som kan vurderast:

- Verdiar i dag og verdiar i eit historisk perspektiv
- Noreg som rettssamfunn
- Noreg som rettigkeitssamfunn
- Individualisme og kollektivisme
- Kva tid og korleis vert rettsikkerheita utfordra i dagens samfunn?
- Jubileet sitt kyrkjehistoriske og juridiske perspektiv

Aktuelle vegar å gå kan t.d. vere:

- Samarbeid med aktørar både regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Leggje til rette for ulike kunst- og kulturuttrykk, debattar, publikasjonar
- Barn og unge som sentral målgruppe
- Samarbeid med grunnopplæringa/utdanningssektoren
- Forsking- og utviklingsarbeid (FoU)
- Partnarskap/ forpliktande samarbeid med t.d. Festspillene i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Universitet i Bergen, Den Norske kyrkja, Bjørgvin Bispedømmekontor, museumsaktørar, osv.

Både Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal bidra til finansiering av hovudprosjektet. Ein skal i tillegg søkje om ekstern finansiering, både offentleg og privat. Dette blir ein viktig del av arbeidet vidare.

Bømlo har erfaring med å leie nasjonale jubileum frå 1000-års jubileet for Kyrkja i Noreg i 1995. Eit nytt nasjonalt jubileum vil stille store krav til organisering, infrastruktur, samhandling og informasjonsarbeid. Det vert derfor avgjerande at ein sikrar tilstrekkeleg kapasitet og ein tenleg organisasjonsform i det vidare arbeidet. Dette er blant områda forprosjektet skal ta stilling til.

### **Forankring og aktuelle samarbeidspartnarar**

Jubileet må ha brei forankring og sikre at tema/område vert aktualisert i vår samtid. Det må difor søkjast samarbeid med eit breitt spekter av partnarar, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Det skal nemnast opp ei forprosjektgruppe for å sjå på moglege og hensiktsmessige modellar for finansiering og organisering. Det er ikkje Den norske kyrkja som eig dette jubileet, og dette skal vere eit jubileum / ei markering med ålmenn samfunnsmessig relevans. Det er viktig å sikre ei brei forankring allereie i denne fasen med innspel og deltaking frå sentrale fagpersonar og miljø innan samfunnsforskning, kunstliv, juridisk forsking i tillegg til historisk kompetanse i Noreg.

Storleiken på forprosjektgruppa må vurderast, og gruppa må ha høve til å møtast jamt i forprosjektperioden og jobbe fram modellar for vidare arbeid. Fylkesrådmannen vil tilrå at det i denne fasen vert administrative representantar frå kommune og fylke som sit i forprosjektgruppa, og at strukturane for det vidare arbeidet vert lagt fram for politiske vedtak.

Det må sikrast at relevante ulike, gjerne motstridande stemmer vert løfta fram i markeringa. Meir enn ei feiring av det beståande må det setje lys på problemstillingar i samfunnsutviklinga, vere med på å sjå oss sjølve opp i mot andre samfunn og system.

Saka er allereie diskutert i mange ulike lokale og regionale organ, og har i tillegg fått positiv tilslutning frå m.a. Den norske kyrkja ved Bispekontoret sin Preses og Kyrkjerådsdirektøren. Hordalandsbenken på Stortinget, andre stortingspolitikarar og Kongehuset er gjeve informasjon. Statsråden for kultur, Linda Hofstad Helleland, fekk ei særskild orientering om saka ved besøk på Bømlo mai 2016. Ein vil be om møte med Kulturdepartementet i løpet av 2017 etter at saka er handsama i både fylkesting og kommunestyre. Arbeidet med å utvikle ei brei forankring må halde fram også gjennom forprosjektperioden.

### **Økonomi**

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad om medfinansiering av forprosjektet. Denne vil verte handsama i søknadsordninga Prosjektilskot: Større kulturprosjekt våren 2017.

Det er ein føresetnad for å kunne gjennomføre eit nasjonalt jubileum at det vert sett av kommunale og fylkeskommunale midlar etter ein eigen opptrappingsplan i åra fram mot 2024. Slike løyvingar må baserast på ein heilskapleg plan og med rutinar som sikrar løpende rapportering.

Ei av oppgåvene som må ligge til forprosjektgruppa må vere å skissere opp ein finansieringsplan. Ekstern finansiering må vurderast og leggast inn i ein slik plan.